



Medlemsmøte nr. 5 for 2018/ 2019

Besøk på Polarstar, Aarvak og Ishavsmuseet

Dato: 17.09.18

Stad: Brandal

Frammøtte:

1. Finn-Ove Kvalsvik
2. Otto-Kjetil Nytnun
3. Synnøve Riise
4. Bjørn Gunnar Tafjord
5. Bjørn Nytnun
6. Gro Brandal
7. Lidun Hareide
8. Rune Brandal
9. Rune Ulfstein
10. Knut Teige
11. Håkon Waage
12. Stig Ole Borgundvåg
13. Njål Vikanes
14. Rune Garen
15. Nils Peter Pilskog
16. Stig Sandanger Riise

Ulstein Rotaryklubb betalte billett
kr. 75,- til dei oppmøtte



Kort samandrag:

Vi gjekk først om bord i Polarstar (1948), med målsetting om å besøke Aarvak (1912) og Ishavsmuseet etterpå. Dette vart dermed ei reise bakover i tid. Webjørn Landmark fortalte:

Polarstar vart bygd i 1948, som det første selfangstskuta av stål i Norge. Ein vurderte først å kalle skuta for Polarfart, men fant fort ut at dette var eit noko uheldig namn under bygging i Skottland. For å framskande bygginga og rekke selfangstsesongen same året, vart fartøyet frakta til Noreg og sluttført på Ljåen.

Polarstar dreiv med selfangst på New Foundland i 1949-1982 og deretter i andre område. Skuta har vorte brukt til mange andre og varierte oppdrag: Seismikk med dynamitt, fraktfart av kveite frå Noreg til Canada/USA, frakt av kylling og blåbær frå Polen, sysselmannskute på Svalbard, isbjørnmerking v/Norsk Polarinstituttt og polarsafari/turisme for å nemne nokre.

Polarstar vart kondemnert i 1998, men redda og pussa opptil vidare selfangst av bl.a. Bjarne Brandal, som er faren til Gro Brandal. Strengare krav frå mattilsynet sette etter kvart ein stoppar for vidare drift og det vart oppretta ein stiftelse med bl.a. Willy Nettet i spissen til å redde Polarstar frå opphogging. Restaureringa i Stettin i Polen kom på rundt 22 millionar kroner (12 meir enn forventa) og blir i dag brukt som ei forlenga arm til Ishavsmuseet i Brandal for å fortelje historia rundt ishavsfasta. Frå 2019 vil den gå i rute frå Tromsø og nordover.

Otto Kjetil Nytun, Rune Brandal, Gro Brandal og Lidun Hareide supplerte med si innsikt og sjølvopplevde erfaringar frå Polarstar og selfangstlivet på Møre.



Ein fekk elles gå rundt og kike på eiga hand på dei tre flotte attraksjonane på Brandal.

Nest møte:

24.09.18 kl. 19:00-20:00 på Quality Ulstein Hotel
Program: Føredrag med Unni Takseth

Referat v/Synnøve Riise – Assisterande sekretær